

Notat

Dato: 07.03.2014
Arkivsak: 2014/12931-2
Saksbehandlar: annlau/johmeye

Til:	Fylkestinget
Frå:	Fylkesordføraren

Interpellasjon til fylkestinget 11.03.2014 frå Aud Karin Oen

- 1) Har fylkestinget gjeve sin tilslutnad til den arbeidstidsavtalen KS vil ha for lærarane, og kva er i så fall grunngjevinga og forankringa for ein slik tilslutnad? Dersom ikkje Hordaland fylkeskommune har gjeve sin tilslutnad til KS si line, kva meiner dei då og kva har i så fall fylkeskommunen gjort for å påverka KS i anna lei?

Fylkeskommunen har ikkje vore delaktig i eller hatt påverknad på forhandlingane kring ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane.

Ny arbeidstidsordning for undervisningspersonalet har tre hovudutfordringar: arbeidstid, leseplikt og tilstedeværelse (arbeidsplanfesta tid/ubunden tid). På KS sin strategikonferanse på Solstrand i januar, der politikarar i fylkeskommunen også var til stades, var arbeidstidsavtalen tema. KS hadde open invitasjon til tilhøyrarane om å koma med innspel til arbeidstidsordninga, men det vart ikkje sagt fram motargument.

- 2) Er KS sine krav knytt til arbeidstid overfor lærarar vesentleg, for å kunna utvikla den vidaregåande skulen i Hordaland?

Når det gjeld fordelinga mellom arbeidsplanfesta og ikkje arbeidsplanfesta tid, utgjer det som er arbeidsplanfesta (leseplikt og planlegging) i snitt om lag 3/5 av årsverket (kjelde KS – Ny arbeidstidsordning for undervisninga.) I arbeidslivet generelt disponerer arbeidsgjevar heile årsverket.

Ei undersøking i 2009 (NIFU-STEP rapport 23/2009) gjort blant eit stort tal ungdomsskolelærarar viser at det er stor variasjon i bruk av arbeidstid. Det rapporten mellom anna peikar på er at læraren nyttar gjennomsnittleg 37 klokke timar i ei typisk skoleveke, dette er omlag 6 timar mindre enn arbeidstidsavtalen føreset. 22,6% av dei same lærarane seier at dei utførar arbeidet på mindre enn 31 timar per veke, dette er 12-13 timar mindre per veke enn arbeidstidsavtalen føreset. Samstundes peikar 22% av lærarane på at dei nyttar meir enn 44 timar pr veke (som er noko i overkant av kva avtalen legg opp til).

Med bakgrunn i slike tal er det god grunn til å sjå nærare på ordninga, både med omsyn til å få til ei betre arbeidsdeling blant lærarane og særleg med tanke på bruk av fellestid til utviklingsarbeid, etter- og vidareutdanning, tid til refleksjon, erfaringsdeling med meir.

3) Korleis vert ein eventuell streik førebudd?

På rektormøtet 12. mars vil personaldirektøren orientere om «Streikeberedskap - rutinar og roller». Her vil ein ta med erfaringar frå tidlegare streikeberedskap og skuleleiarane vil kunna få svar på spørsmål knytt opp mot avviking av eksamen med meir. I tilfelle streik vil fylkeskommunen (personalseksjonen og opplæringsavdelinga) ha høg beredskap.